# 3 HAMNEAVGIFTER FOR PERIODEN 01.01.12 - 31.12.12

Avgiftsregulativet byggjer på Hamneloven sine §§ 21 -24 samt dei forskrifter som fiskeridepartementet har knytta til Hamneloven sin avgiftsdel.

Avgiftsregulativet er vedteke av Stord Kommunestyre den 01.12.2011.

Prisane er eksklusiv meirverdigavgift.

Norsk registrerte farty skal betala meirverdigavgift.

Hamneavgifter er i samsvar med lov om hamner og farvatn m.m. av 17. april 2009 nr. 19.

## 3.1 Anløpsavgift

Farty som anløper Stord hamnedistrikt skal betala avgift etter følgjande satsar og reglar:

1. | | |
   |---|---|
   | For dei første 300 BT | kr 0,53 " BT |
   | For dei neste 300 BT | " 0,34 " BT |
   | For dei neste 600 BT | " 0,22 " BT |
   | For dei neste 800 BT | " 0,15 " BT |
   | For dei neste 1000 BT | " 0,15 " BT |
   | For dei neste 2000 BT | " 0,15 " BT |
   | For BT over 5000 BT | " 0,19 " BT |

   Minstesats for anløpsavgift er kr 160,-. Anløpsavgifta vert runda av til næraste heile krone.

2. Avgifta vert å betala ein gong for ankomst og avgang til saman. Dersom eit farty anløper hamna fleire gonger i løpet av same døger skal det berre betalast avgift for det første anløpet.

3. Farty som anløper hamna ofte (fleire enn 15 anløp pr. månad), skal betala månadsavgift som er 15 gongar anløpsavgifta etter pkt. 1. Farty som innan avgiftsområdet vert nytta til lagring av varer, handels- eller industriverksemd av kva som helst slag eller næringsmessig transport, skal betala månadsavgift som er 12 gonger anløpsavgifta etter pkt. 1.

4. Ved særskilde tilhøve kan avgifta fastsettjast etter avtale.

5. Fritekne for anløpsavgift er farty som:

   a) Passerer avgiftsområdet utan å anløpe.

b) Anløper hamna på grunn av skade eller naudtilstand når opphaldet ikkje varer over 2 døgn og fartyet her ikkje lastar eller lossar eller tar ombord det som skipet treng (skipsnødvende) eller passasjerar.

c) Norske og utanlandske orlogsfarty.

## 3.2 Kaivederlag

Hamneavgifter i samsvar med lov om hamner og farvatn m.m. av 17april. 2009 nr. 19. trer i kraft frå 1. januar 2010. Farty som anløper offentleg kai i Stord hamnedistrikt skal betala kaivederlag etter følgjande satsar:

1.

| | | | |
|---|---|---|---|
| For dei første | 300 | BT | kr 0,79 pr.BT |
| For dei neste | 300 | BT | kr 0,75 pr.BT |
| For dei neste | 600 | BT | kr 0,69 pr.BT |
| For dei neste | 800 | BT | kr 0,66 pr.BT |
| For dei neste | 1000 | BT | kr 0,62 pr.BT |
| For dei neste | 2000 | BT | kr 0,58 pr.BT |
| For dei neste | 5000 | BT | kr 0,50 pr.BT |
| Alt over | 10000 | BT | kr 0,46 pr.BT |

Minstesats for kaivederlag er kr 168,-.

Bruttotonnasjen (BT) reknast etter konvensjonen om fartøymåling av 1969 i samsvar med retningslinjer gitt av Fiskeridepartementet, gjeldande frå 18.07.94.

2. Liggetida vert rekna frå fartyet fortøyer til det kastar loss. Del av døgn på 6 timar eller mindre reknast for ½ døgn. Det skal alltid betalast kaivederlag for minst eit døgn.

3. Dersom eit farty anløper offentleg kai fleire gonger i løpet av same døgn, skal det berre betalast vederlag for det første anløpet i døgnet.

4. Sjøfly som legg til ved flybrygga i Leirvik hamn betalar kr 210,- pr. anløp. Helikopter som landar på Stord hamnestell sitt landområde skal betale same sats som sjøfly.

5. Fritidsbåtar som nyttar gjestebryggja eller andre offentlege kaiar, skal betala kr 210,- for kvart døgn opp til 35 fot og kr 315,- for båtar over 35 fot. Innbefatta gratis bruk av straum , vatn og serviceanlegget i sumarsesongen frå 15. juni til 15. august i Evjestrand (toalett, dusj, vaskemaskin og tørketrommel). Det er anledning til å ta kr 50,- i ekstravederlag dersom ein går over til manuell innkrevjing. Dersom vederlaget vert fakturert vert det lagt til administrativt påslag på 25%. Fritidsbåtar over 25 BT betaler som vanlege farty (anløpsavgift og kaivederlag). Det er sett opp ein betalingsautomat ved serviceanlegget og ein på Notahaugskaien som gjestebåtar skal bruka.

6. Fritekne for kaivederlag er norske eller utanlandske orlogsfarty.

## 3.3 Trafikkvederlag

For varer som vert innførd over hamna med skip frå land utanfor EØS-området og som vert fortolla, vert utlevert tollfritt eller tollekspedert til godkjent lager for ufortolla varer, skal vareeigar svare trafikkvederlag til hamnekassen etter slike satsar:

| KAP. | VARESLAG | AVGIFT KR Pr. TONN |
|---|---|---|
| 1 | Levande dyr | 63,00 |
| 2 | Kjøt, flesk, eteleg avfall | 63,00 |
| 3 | Fisk og fiskevarer | 63,00 |
| 4 | Mjølk og meieriprod. m.m. | 63,00 |
| 5 | Prod. av animalsk opphav | 63,00 |
| 6 | Lev. trær, planter m.m. | 63,00 |
| 7 | Grønns., knollar og røter | 63,00 |
| 8 | Erter frukt, nøter m.m. | 63,00 |
| 9 | Kaffi, te, mate og krydder | 63,00 |
| 10 | Korn | 63,00 |
| 11 | Mjølkepr. malt, insul. m.m. | 63,00 |
| 12 | Oljeh. frø og frukt, halm | 63,00 |
| 13 | Vegetabilsk råstoff m.m. | 63,00 |
| 14 | Anna vegetabilsk material | 63,00 |
| 15 | Anim. og vegetab. stoff | 63,00 |
| 16 | Vare av kjøt, flesk fisk m.m. | 63,00 |
| 17 | Sukker og vare av sukker | 20,00 |
| 18 | Kakao og vare av kakao | 63,00 |
| 19 | Prod. av mjøl, korn, bakverk m.m. | 63,00 |
| 20 | Prod. av grønsaker og frukt | 63,00 |
| 21 | Laga næringsmiddel | 63,00 |
| 22 | Drikkevare, etylalkohol, eddik m.m. | 60,00 |
| 23 | Restst. frå næringsmidd. industri. laga dyrefor | 60,00 |
| 24 | Tobakk | 60,00 |
| 25 pkt.1 | Salt | 4,00 |
| 25 res. | Svov., jord, stein, kalk, gips, sement m.m. | 6,00 |
| 26 pkt.19 | Slagg | 4,00 |
| 26 res | Malm og oske | 60,00 |
| 27 | Miner. olje og brensel m.m. | 6,00 |
| 28 pkt. 33 | Aluminiumssulfat | 3,00 |
| 28 res. | Klorkalsium, kaustiksoda, kalsiumkl. soda, kjemiske grunnst. isotopar m.m. | 14,00 |
| 29 | Organisk-kjemisk samanh. | 63,00 |
| 30 | Farmasøytisk produkt | 63,00 |
| 31 | Gjødning | 63,00 |
| 32 | Fargestoff, maling og lakk | 63,00 |

| | | |
|---|---|---|
| 33 | Parfyme, kosmetikk m.m. | 63,00 |
| KAP | VARESLAG | AVGIFT KR PR. TONN |
| 34 | Såpe, vaskemiddel, voks | 63,00 |
| 35 | m.m. | 63,00 |
| 36 | Protein og bindemiddel | 63,00 |
| 37 | Krut og sprengstoff | 63,00 |
| 38 | Vare til fotogr. bruk | 63,00 |
| 39 | Prod, frå kjemisk industri | 95,00 |
| 40 | Plast og vare av plast | 95,00 |
| 41 | Gummi | 95,00 |
| 42 | Hud, skinn og lær | |
| | Lærvarer, reiseeffekter og | 109,00 |
| 43 | vesker | |
| | Pelsskinn og varer av | 109,00 |
| 44 | pelsskinn | 37,00 |
| 45 | Tre og vare av tre | 63,00 |
| 46 | Kork og vare av kork | 63,00 |
| 47-67 | Korgfletteprodukt | |
| | Papir, papirmasse, bøker, | 63,00 |
| 68 | tekstil silke, ull, klede | |
| | Vare av stein, sement, gibs, | 15,00 |
| 69 | glimmer m.m. | 69,00 |
| 70 | Keramiske produkt | 91,00 |
| 71 | Glas og varer av glas | |
| | Naturperler, edle steinar og | 63,00 |
| 72 p. 8-28 | metall, myntar | |
| | Stang, plate, band m.m. av | 24,00 |
| 72 res | jern og stål | 27,00 |
| 73 po. 3-6 | Jern og stål | 27,00 |
| 73 res. | Jern og stålrøyr | |
| | Røyrdeler, jern og stål, konst, | |
| | tankar og kar m.m. ståltråd | 36,00 |
| 74-81 | og band | |
| | Kopar, nikkel, alum.,bly, | 60,00 |
| 82 | sink, tinn o.a. uedle metall | 109,00 |
| 83 | Verkty, knivar, gaflar | |
| | Låsar, hengelåsar, skap m.m. | 60,00 |
| 84-85 | av legeringar | |
| | Hydr. kraftmask. med deler, | |
| | losse og lasteutstyr, kjelar, | |
| | maski.,mek., og elektriske | 78,00 |
| 86 | motorar | 63,00 |
| 87 | Lokomotiv og vogner | 109,00 |
| 88 | Bilar, bussar, traktorar m.m. | 63,00 |
| 89 | Luftfarty m.m. | 109,00 |
| 90-93 | Skip, båtar o.a. flytande | |
| | Instrument og apparat til | |
| | fotograf, ur, | 63,00 |

| | | |
|---|---|---|
| 94 | musikkinstrument, våpen og ammunisjon m.m. | 109,00 |
| KAP. | Møbl. m.m. belysn. art. | AVGIFT KR PR. TONN |
| 95-99 | VARESLAG | |
| | Trevarer, kostar, leikety, pennar, sportsart. kunstgj. antik. m.m. | 63,00 |

Når det gjeld innkrevjingstolkning og høve til tollpass etc., vil ein visa til forskrift om hamneavgifter, 5.des. 1989, nr. 1220 §10. Vederlaget vert krevd inn av hamnestellet etter opplysningar frå ekspeditør.

Friteken for trafikkavgift er:

1. Passasjerbaggasje
2. Postsendingar
3. Varer som er skjemde og som vert tilintegjort under kontroll av tollvesenet
4. Skipsnødvende som bunkers, proviant o.l. til eige bruk
5. Varer som vert lossa/lasta til/frå same skip. (omstuving)
6. Norske eksportvarer som vert returnert grunna feil/mangel ved varene

## 3.4 Varevederlag

1. Varevederlag skal betalast av varer som vert lasta eller lossa over Stord hamnestell sine kaiar, og etter desse satsane:

| Kapittel | Vareslag | Vederlag kr pr tonn |
|---|---|---|
| **03** | Fisk, fiskeprodukter | 7,88 |
| **25** | Sand/blåsesand, singel stein, sement (bulk/sekk) | 7,88 |
| **25** | Asfalt | 10,00 |
| **28** | Klorkalsium,soda,kjem.gr.st. | 12,80 |
| **31** | Gjødning | 12,80 |
| **36** | Krutt og sprengstoff | 21,00 |
| **68** | Varer av stein,sement,gips m.m. (vidareforedla) | 12,80 |
| **72,73,76** | Jern, stål, aluminium/slagg | 10,00 |
| **100** | Andre varer | 15,60 |

1 tonn = frakttonn = 2.5 m3

**Containarar**
For **tomme** containarar som kun **mellomlagrast** på hamnestellets arealer, skal det betalast varevederlag etter desse satsar:

| | |
|---|---|
| 40 fots containarar: | kr 112,- pr. stk |
| 20 fots containarar: | kr 56,- pr. stk. |
| 10 fots containarar: | kr 27,- pr. stk. |

Dersom containarar **er lasta eller blir lasta** skal det betalast varevederlag for innhaldet i containarane. For kjørety som vert kjøyrd over Ro-Ro rampe, skal det betalast varevederlag etter desse satsar:

| | |
|---|---|
| Personbil | kr 14,- pr. stk |
| Campingvogn/bobil | kr 27,- pr. stk |
| Lastebil/buss/semitrailer | kr 56,- pr. stk **(+ avg.last)** |

2. Vederlaget vert rekna etter den av dei to måtane som gjev størst vederlag.

3. Vederlaget vert rekna av kvar enkelt sending. Minstevederlag for ei enkel sending er kr 10,16, men det vert ikkje krevd vederlag for enkeltsendingar innanriks samt eksport som veg mindre enn 10 kg.

4. 1/3 vederlag skal betalast når varene vert overført frå eit farty til eit anna, utan å passere kai, og eit av fartya ligg ved kai og det andre ligg ved sida av dette.

5. Varer som kjem til hamna med farty og vert vidaresendt med farty, betalar vederlag ved inngåande. For varer som vert vidaresendt til utlandet betalar vederlag ved utgåande.

6. Settefisk (smult) som fraktast i tankbil til og frå kai betaler kr 140,- pr. lass.

Når det gjeld innkrevjingstolkning viser ein til forskrift om hamneavgift, 5.des. 1989 nr. 120 §11.

Fritekne for varevederlag er:

1. Passasjerbagasje
2. Proviant, bunkers og andre skipsnødvende til eige bruk.

## 3.5 Oppkrevingsreglar for varevederlag

Varevederlag vert å krevja inn av ekspeditøren eller speditøren gir opplysningar inn til Hamnekassen ,som sender rekning til den som eig vara.

Dersom ikkje fartyet eller kjøretyet har ekspeditør står hamnestellet for oppkrevjing av vederlaget.

Dersom hamnestellet krev det, må skipsekspeditør, meklar - eventuelt førar som sjølv ekspederer skipet sitt – levere hamnestellet kopi av manifest eller varefortegnelse med oppgåve over mål og vekt. Det skal og oppgjevast kven som er mottakar eller avsendar av vara.

Fartyet eller kjøretyet sin ekspeditør er ansvarleg for at korrekt varevederlag vert oppkrevd.

Hamnestellet har rett til å ta kontroll hos ekspeditøren ved stikkprøvar og kan krevje levert ut naudsynte papir.

Ekspeditøren vert tilkjend 10 % av oppkrevjingsgebyr for oppkrevjing av varevederlaget.

## 3.6 Passasjeravgift

Farty skal krevje inn passasjervederlag frå påstigande passasjerar.

Transittpassasjerar med meir enn 1 times ventetid etter rutetabellen skal og betala passasjervederlag.

Passasjervederlag skal setjast til kr 4,- pr. person. Eigen avtale med Tide Sjø AS.

## 3.7 Mellombels varelagring på offentleg kai

Dersom varer vert lagra på hamnestellet sine kaiar eller tilstøtande områder, skal vederlag til hamnestellet betalast etter følgjande satsar og reglar:

1. Varer som kjem sjøverts og som ikkje skal vidaresendast sjøverts til stadar utanfor Stord hamnedistrikt:

   a) For dei første 48 timar : ikkje vederlag
   b) Etter 48 timar:
      1. På kai eller open plass kr 9,80 pr. m2/døgn
      2. For tyngre varer på open plass kr 7,00 pr. tonn/døgn

2. Varer som kjem til hamna for vidare sending sjøverts til stadar utanfor Stord hamnedistrikt:

   a) For dei første 6 døgn: ikkje vederlag
   b) Etter 6 døgn:
      1. På kai eller open plass kr 7,00 pr. m2/døgn
      2. For tyngre varer på open plass kr 7,00 pr. tonn/døgn

3. Det ovannemnde vederlag gjeld og for containarar uansett om dei er fulle eller tomme. Dersom containarane vert stua i fleire høgder, skal det betalast grunnarealsats 1. høgd og 50% av denne for dei øvrige høgder.

4. Det ovannemnde vederlag gjeld og for tomemballasje slik som tomkassar, pallar, sylindrar og all annan emballasje som vert nytta ved transport av varer.

5. 1. og 2. jule-, påske-, pinse-, og 1. nyttårsdag samt jule-, påske-, pinse-, og nyttårsaftan vert ikkje medteken ved utrekning av vederlaget.

6. Last som vert lossa etter fredag kl 1600 er friteken for det ovannemnde vederlaget til den følgjande måndags morgon kl 0800. Dvs. at ein ved vederlagsutrekninga, reknar last som komen måndag morgon kl 0800.

7. I særskilde tilfeller der det er aktuelt å lagra varer over lang tid, kan det gjerast avtale om arealleige ved at varemottakar eller ekspeditør vender seg til hamnestellet før vara kjem.

## 3.8 Spesialavtale for boreriggar, boreskip, kranskip og andre konstruksjonar som sikkerhetsmessig – i tillegg til dei landfaste fortøyningar – krev eit eller fleire anker ut i farvatnet på open rei

1. Når ikkje anna er avtala, skal ovannemnde farty, når dei fortøyer til offentleg kai, i tillegg til kaiavgift, betala kr 263,- pr. døgn eller påbegynt døgn for kvart anker som vert plassert i hamnebassenget eller farleia.

2. Når ikkje anna er avtala, skal ovannemnde farty når dei går til verkstadkai eller andre kaiar innan hamnedistriktet som ikkje er offentlege, likeeins betala kr 276,- pr. døgn for kvart anker som vert plassert i farvatnet.

3. Når ikkje anna er avtala, skal farty av ovannemnde type som ankrar opp med fleire anker ut i farvatnet, og som ved hjelp av spesialfarty må plassere desse ankera i ymse retningar frå moderfartyet, betala kr 263,- pr. døgn for kvart anker som vert plassert ut i farvatnet.

## 3.9 Trailarar/Varebilar si bruk av kai- og hamneareal

1. Bilar (lastevognar, trailerar, tilhengarvognar etc.) som på hamnestellet sine kaiar eller tilstøytande område lossar, omlastar eller lastar gods utan at dette skjer direkte ut eller inn over kaikant skal betala eit vederlag til hamnestellet på kr 98,- pr. stopp.

2. Av varer skal det betalast kr 13,30 pr. tonn eller påbegynt tonn.

3. Fritekne for vederlaget er:

   a) Bilar som hentar varer på hamnestellet sine kaiar for vidare utsending i Stord.

   b) Bilar som køyrer fram last frå Stord til hamnestellet sine kaiar for vidare sending med farty eller bil.

4. Vedkomande ekspeditør eller eigar gir månadleg oppgåve over antall anløp, som hamnestellet sender rekning på.

## 3.10 Renovasjonsvederlag

| | |
|---|---|
| Farty under 500 BT | kr 69,- pr. anløp |
| Farty over 500 BT | kr 116,- pr. anløp |

Ruteselskap som har fast avtale om renovasjon annan stad betalar ikkje etter desse satsane.

For farty som har så mykje boss at det må rekvirerast ekstra tøming av bosscontainar betalar etter kostnad.

## 3.11 Vederlag for bruk av hamnebåten

Nedanforståande timesatsar gjeld dersom ikkje anna er avtala:

1. 

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Dagtid: kl 0700 - 1500 | med | 1 | mann | ombord | kr 1.550,- |
| | ” | 2 | ” | ” | kr 1.900,- |
| Overtid: kl 1500 - 2100 | ” | 1 | ” | ” | kr 1.700,- |
| | ” | 2 | ” | ” | kr 2.050,- |
| kl 2100 -0700 alltid 2 mann | | | | | kr 2.400,- |
| Laur-, søn-, helge- og høgtids | med | 1 | mann | omb. | kr 2.150,- |
| | ” | 2 | ” | ” | kr 2.600,- |

2. Dersom det er naudsynt med 3 mann ombord på grunn av oppdraget vert ovannemnde satsar auka med h.h.v. kr 360,-, kr 410,- eller kr 460,-, avhenging av dag og tidspunkt i døgnet.

3. Under oppdrag som vaktbåt vil det alltid vera naudsynt å vera 2 mann ombord, grunna sikringsmomenta.

4. Minimumstid for utkalling mellom kl 1500 og kl 2100 på vanlege kvardagar er 2 timar. Minimumstid for utkalling på vanlege kvardagar mellom kl 2100 og kl 0700 samt laurdag, søndag og helge- og høgtidsdagar, er 4 timar.

## 3.12 Vederlag for tilkopling og bruk av hamnestellet sitt anlegg for elektrisk straum

| | | |
|---|---|---|
| Pris pr kw/time | kr | 1,60 |
| Fast tillegg for til- og fråkopling | kr | 200,00 |
| Minstesats for forbruk | kr | 160,00 |

Prisane er eksklusiv mva.

## 3.13 Vassvederlag

a) Levering av vatn til farty m.m. skal betalast med kr 20,- pr. tonn/m3. Farty som sjølv står for fylling betalar kr 18,00 pr. tonn/m3.

b) Ved vasslevering på laur-, søn-, og helgedagar samt utanom ordinær arbeidstid, skal hamnestellet sine meirutgifter ved levering dekkast.

c) Minsteavgift for levering av vatn kr 250,-.

**ISPS vederlag som skal dekka inn kostnader for drift og vedlikehald, faste kontrollrutinar, årlege pålagde øvingar og administrasjon ved anløp Stord hamn, Eldøyane og Nattrutekaien, Leirvik hamn**

- Passasjervederlag ved om bord- og ilandstigning kr 2,10
- Farty under 499 BT kr 210,- pr. påbegynt døger
- Farty frå 500 BT til 4999 BT kr 525,- pr. påbegynt døger
- Farty over 5000 BT kr 945,- pr. påbegynt døger

Kostnadar ved oppsett (mobilt gjerde) og nedtaking/lagring av sikringsgjerde samt vakthald ved landligge i Leivik hamn (Nattrutekaien).

- Monterar fartyet opp gjerde sjølv og tar på seg vakthald vert det ikkje ekstra kostnader for fartyet.
- Monterer Stord hamnestell gjerde for sikring av fartøyet, samt står for vakhald (avtale med ISPS godkjent vaktselskap) vert kostnadane fakturert fartøyet.

## 3.14 Parkering

| | |
|---|---|
| Parkeringsleige for ikkje-leigetakarar i Stord hamnestell sine bygg: | kr 683,- pr. mnd. |
| Parkeringsleige for leigetakarar i Stord hamnestell sine bygg: | kr 578,- pr. mnd. |